

SKEIVT/ARKIV

UNIVERSITETET I BERGEN
Universitetsbiblioteket



Referat frå møte rådgjevingsgruppa for Skeivt arkiv 14. desember 2016

Stad: Universitetsbiblioteket i Bergen.

Tid: kl. 11-15, 14. desember 2016

Tilstade: Medlemene i gruppa *Anne Aune, Tone Hellesund, Liv Ramskjær* og *Camilla Brautaset*.

Ingvild Endestad hadde meldt fråver på grunn av andre forpliktingar.

Fagleg leiar for Skeivt arkiv, *Runar Jordåen*, møtte som sekretær for gruppa.

Karin Rydving, avdelingsleiar for Avdeling for spesialsamlingar møtte som representant for Universitetsbiblioteket i Bergen (kl.11.00.-13.15)

Oddrun Samdal, viserektor for utdanning ved Universitetet i Bergen og styreleiar for UBB, var til stade under delar av møtet.

Fagleg leiar ønskte velkommen og gav ordet til leiar for rådgjevingsgruppa Tone Hellesund, som leia møtet. Ho gav deretter ei oppsummering av bakgrunnen for Skeivt arkiv, med vekt på historia om korleis arkivet blei bygd opp frå idéstadiet i 2011 til fast drift i og med løyvinga på statsbudsjettet frå og med 2016. Ho la vekt på arbeidet som heilt frå starten hadde gjort for å *forankra* arkivet. Dette hadde skjedd gjennom kontakt med og lobbying overfor relevante grupper og fagmiljø:

- arkivsektoren/arkivfaglege miljø (særleg Kulturrådet og Riksarkivet og Fylkesarkivet i Hordaland)
- departementet

- politiske miljø (lobbying overfor Stortingsrepresentantar osv.)
- LHBT-miljøa
- UiB/UB
- Forskingsmiljøa (særleg ved UiB, men også andre universitet og høgskular)

Det var også ønskjeleg å utvida denne forankringa, særleg overfor museumsmiljøa. Hellesund understreka kor viktig det var å oppretthalda og vidareutvikla forankringa i desse miljøa.

Fagleg leiar hadde deretter ein presentasjon av kva Skeivt arkiv er i dag. Han la vekt på at Skeivt arkiv skal dokumentera og formidla historia i brei forstand. Det skal *dokumentera* historia gjennom innsamling / bevaring av arkiv, bøker og tidsskrift, livshistorier (videointervju og skeive historier) og til ein viss grad gjenstandar. Det skal *formidla* historia gjennom nettsider, foredrag, stands, media, tilrettelegging for forskarar og studentar, skuleopplegg og utstillingar. Skeivt arkiv må dermed ha brei kompetanse, samtidig som det er ønskjeleg å samarbeida med andre institusjonar i høg grad. Han la vekt på at arkivet hadde fått gjort eit stor arbeid med bevaring av arkiv, intervju og formidling i 2016. Året har vore prega av mykje arbeid med å gå over frå prosjekt til fast drift, inkludert tidkrevjande arbeid med tilsetjingar. Men ved utangen av året er dei fire faste stillingane på plass og dei to stillingane knytt til intervjuprosjektet vil ha oppstart rett over nyttår.

Etter lunsjpause kl 12 blei gruppa med bort til Manuskript- og librarsamlinga, der Skeivt arkiv held til. Me var også ein tur ned i magasinet.

STATUS FOR SAMLINGANE:

Deretter informerte *Karin Rydving* om **planane om nye lokale for samlingane**, om eit nytt arkivbygg i samarbeid med Universitetsmuseet i Bergen. Ho understreka at desse planane er heilt i startgropa, og at ein ikkje veit noko om tidsperspektivet før eit slik bygg kan stå klart. Ein komite som arbeider med dette er sett ned. Den skal ha klar ein rapport i mars 2017.

Rådgevingsgruppe var også opptatt av situasjonen i magasin og lurte på om denne var tilfredsstillande og god nok til å kunna visa fram for politikar som hadde vore med og løyva pengar til dette og for personar som har donert sine arkiv til UiB. Rydving orienterte om at samlingane er plassert i lukka magasin og

blir henta fram til brukarane på bevokta lesesal. Ho la til at magasinet tilfredstilte krav til tryggleik og klimaregulering.

Rydving deltok på møtet til kl. 13.15 og deltok følgjelege ikkje i den vidare diskusjonen.

Rådgjevsgruppa påpeika at Skeivt arkiv var lite synlege i lokala. Skeivt arkiv må komma opp på skiltet utanfor hovudinngangen samt på døra inn til lokala. Lokale Skeivt arkiv no heldt til i framstår ikkje som representative og dette er eit problem i og med at Skeivt arkiv er så profilert og skal ha besøk av politikarar osv. Ei oppgradering av lokala (nye møblar, bokhyller, bilete og andre teikn på at Skeivt arkiv eksisterer osv.) vil også gi eit betre inntrykk for dei som besøker arkivet for å bruka det på lesesal, som studentar og forskarar.

Fagleg leiar undersøker kor denne saka no ligg og rådgjevsgruppe understreka at dette måtte vera ei prioritert sak. Saka blir følgd opp på neste rådgjevsgruppemøte i februar 2017.

Rådgjevsgruppe poengtert at interessa for Skeivt arkiv frå politisk hald og potensielle besøk frå sentrale politikarar gjer at Skeivt arkiv / Spesialsamlingane kunne vera eit utstillingsvindaug for *heile* UiB, og at ei tydelegare profilering slik er i alle si interesse.

Av sikkerheitstiltak peika rådgjevsgruppa på to grunnleggande element som måtte vera på plass: At materialet blir lagra og ivaretatt på ein god måte. Og at reglar for personvern og etikk var tatt hand om på forskriftsmessig måte.

Skeivt arkiv meiner at det siste punktet er godt ivaretatt, men vil synleggjere dette på nettsidene slik Rådgjevsgruppa foreslo.

BEHOV FOR STRATEGIDOKUMENT

Tone Hellesund innleia om arbeidet med planar. Ho meinte det kunne trengast både ein innsamlings- og bevaringsplan og ein formidlingsplan (som inkluderer arbeidet med nettsider og sosiale medier).

Resten av rådgjevsgruppe støtta dette og det vart understreka kor viktig det er å ha eit strategidokument og at dette er godt forankra i dei relevante miljøa. For Skeivt arkiv sin del må strategien forankrast i dei viktige miljøa: LHBT, arkiv,

bibliotek, museum og høgskule- universitet. Ut av strategidokumentet må det så lagast meir konkrete handlingsplanar.

Startegiplanen bør vera kort og konsis og bør vedtakast av UB sitt styre. I tillegg bør det lagast ein operativ plan/handlingsplan som er veldig konkret (kva som skal gjerast og når).

Tone oppsummerte: Fagleg leiar får ansvar for å utarbeida utkast til strategiplan og handlingsplan til neste møte i rådgjevingsgruppa. I tillegg burde det arbeidast for å få skilting og nytt møblement på plass innan neste møte.

MØTE I GRUPPA NESTE ÅR:

Fleire av medlemene meinte at eitt av møta i 2017 blir avhalde i Oslo. Det kunne vera ein fin måte å synleggjera at Skeivt arkiv er nasjonalt, og det blei foreslått at neste møte blir halde hos Museumsforbundet i Oslo.

Referat førd av Runar Jordåen 15.12.2016